



--

Arkiv saknr:	2013/979
Løpenr.:	17058/2013
Arkivkode:	C55

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet valperioden 2015 - 2019	27.11.2013	13/124

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

## Kulturminneplan for Vinje kommune - 1. gongs handsaming

### Vedlegg:

1 Kulturminneplan

### Dokument i saka:

Kommunedelplan for kultur 2012 – 2021.

### Bakgrunn:

I punkt 6.1 i kommunedelplanen vert behovet for ein kulturminneplan understreka. Kommunedelplanen slår fast at ein då ikkje hadde ei samla oversikt, slik at det var mogleg å kunne prioritere kva ein særleg ville framheve.

Kultureininga sendte hausten 2011 ein søknad om støtte til dette arbeidet, og fekk i 2012 positivt svar frå Riksantikvaren om ei løyving på kr 100.000,-.

I byrjinga freista ein å kome fram til ein plan i eigen regi, men engasjerte etter kvart Rådgjevande Arkeologar ANS V/Ørjan Engedal til å utarbeide plandokumentet. Kultursjefen og sakshandsamar har vore kommunen si referansegruppe. I Telemark fylkeskommune har Geir Sørum vore kontaktperson.

### Vurdering:

Planen, slik den ligg føre, har ikkje status som plan, etter plan- og bygningslova. Til det har ein ikkje følgt dei prosesskrav som ligg i lovverket, men dette kan ein rette på gjennom ei framtidig rullering i ein seinare kommunestyreperiode. Likevel vil ein rå til at plandokumentet vert sendt på høyring, slik at ein også får innspel frå fleire respondentar, enn dei konsulentane har nådd gjennom utarbeidinga av planen.

Målet med planarbeidet har i første rekke vore å skaffe eit oversyn over kva som er status i Vinje, noko som i seg sjølv er ambisiøst i ein kommune så rik på kulturverdiar.

Planen gjev også eit bilete av den kulturhistoriske utviklinga frå steinalderen og framover.

For oversikta si skuld, så deler plandokumentet inn kommunen i 30 delområde som kvar for vert omtalt i høve til kva som kjenneteiknar dei.

I forslaget til prioriterte kulturminne og kulturmiljø løfter ein fram område frå ulike deler av kommunen.

Handlingsplanen peikar framover og nemner 6 moglege strategiar innan tre ulike tema, der ein kan kome vidare i arbeidet med kulturminne. Sakshandsamar tilrår at ein prioriterer mellom desse etter planen har vore på ein høyringsrunde.

Ørjan Engedal kjem til møtet og presenterer planen.

### *Rådmannens framlegg til vedtak:*

- |   |
|---|
| <p><b>1. Kulturminneplan for Vinje kommune vert sendt på høyring med dei utkast til prioriterte kulturminne og kulturmiljø, og handlingsplan som ligg i planutkastet.</b></p> |
|---|

Rådmannen, 12.11.13

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet 27.11.2013:**

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

- |   |
|---|
| <p><b>2. Kulturminneplan for Vinje kommune vert sendt på høyring med dei utkast til prioriterte kulturminne og kulturmiljø, og handlingsplan som ligg i planutkastet.</b></p> |
|---|